



*Ulla Skulehus*

*Skjapa 11. april 2009*

*Haramsøy*

*Bygd i 1886*

---

## ÅRSMELDING 2010

### 1. Årsmøte 12. juni 2010

Årsmøtet vart halde på skulehuset. Møtet gjekk greit.

### 2. Styremøte 2010

Styret har hatt 3 møte siste året.

### 3. Formelle sider for laget

I januar 2009 sende vi inn søknad om frådelling av festetomt til Haram kommune. I januar 2010 fekk vi vedtaket tilsendt. I oktober 2010 heldt kommunen oppmåling, men det enda med at laget kjøpte grunnen av Kirsti Ulla Ingelsrud g.nr 10 b.nr 76 og av Andreas Ulla g.nr 10 b.nr 77. Dette er ei betre løysing enn festetomt, og vi er no svært godt nøgd med at dei formelle tilhøva er i orden med tinglyste skøyte på grunn og bygning. Dato for tinglysing av dei to skøyta er 18. februar 2011. Samla kostnader med oppmåling og tinglysing av skøyte vart kr 19620.

### 4. Kulturelle aktivitetar

Vi har hatt ein kulturell aktivitet i 2010. Klæberget hadde sommarbutikk med sal av heimelaga produkt under Ulla-festen siste helga i juli. Det vart ein knallsuksess med svært mange som stakk innom og kjøpte seg fine og nyttige ting. Det vart også godt økonomisk resultat for dei som laga til butikken, og Ulla Skulehus fekk kr 2000 i inntekt av sal av kaffi og kaker.

### 5. Dugnad og vedlikehald

Det er ikkje så mykje som er gjort det siste året, men vi har i alle fall sett inn att utdøra i restaurert stand. Vi er godt nøgd med resultatet, og det er svært viktig at vi no kan låse av skulehuset.

### 6. Økonomi

Vi har pr 30. april 2011 til saman 72 medlemmer, derav 5 barn. Dette er ganske bra, men vi har som mål å nå 100 medlemmer. Vi fekk eit tilskot på kr 10000 frå Sparebanken Møre i desember 2010. Elles har vi inntekt av medlemskontingent og sal av vaflar og kaffi i samband med Ulla-festen og inntekt frå Klæberget. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2011 var det kr 19462,90 innestående på bankkontoen. Sjå rekneskap for 2010.

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: [ullanett.com](http://ullanett.com)

For styret 8. mai 2011

Knut Hallvard Ulla  
styreleiar og kasserar